



Erlend Haugland er fornøgd med oppslutnaden


**40 av 80 påmeldte kom til dataparty i Aktivitetshuset og det er leiinga fornøgd med, seier Erlend Haugland til uskedalen.no laurdag ettermiddag.**

**Han ser heller ikkje bort ifrå at eit nytt party under vignetten VestLan kan bli arrangert på den same staden i haustferien til skulane. Deltakarane denne gongen kom frå heile Kvinnherad - og Lofthus.**

- Avviklinga har gått glatt utan spesielle problem, konkluderer Haugland i ein mørklagt sal, litt av ein kontrast til solskinet ute.

Nokre av deltakarane tek seg ein lur bak skjermane sine, dei har tydelegvis hatt ei hard arbeidsøkt. Leiinga reknar ikkje med at det kjem fleire deltakarar og punktum blir sett sundag klokka 12..

(Foto: Ola Matti Mathisen)



Godt med ein liten lur mellom øktene ved skjermen...